

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.03.2024

Vår ref.: 202403713-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om løyve til fråvik frå sommar-LRV i Trollavatnet i Sunnfjord kommune

NVE har fått ein søknad frå Eviny Fornybar AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved å halde Trollavatn ned mot LRV (kote 968,4) i perioden med fastsett sommar-LRV (kote 999,9). Dette er planlagt i perioden 15.04.2024 - 01.10.2024. For å halda ved lag krav fastsett i dam sikkerhetsforskrifta, skal Eviny Fornybar utføra nødvendig tilsyn på hovuddam og sperredam i Trollavatnet. Dei må halda magasinet lågt for å gjennomføra ein inspeksjon av vassidane av dammane. Dei vil samtidig leggja ut nytt utstyr for vasstandsmåling i magasinet.

Søknaden er lagt ut på NVE si nettside: www.nve.no/9313/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentlig høyring. Søknaden om mellombels løyve blir derfor berre send på avgrensa høyring til Sunnfjord kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til uttalelse@nve.no, med kopi til saksbehandlar Ylva Bencze Rørå: ybro@nve.no.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

26.03.2024

Med helsing

Brit Torill Haugen
fagleiar

Ylva Bencze Rørå
førstekonsulent



Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
SUNNFJORD KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS